



Dænsbændet frå Gjøvik-traktane danka ut Ole Ivars frå Hamar-traktane i kampen om Spellemannsprisen for danseorkester laurdag kveld. Og då var det særdeles naturleg å opna dansekvelden i Helgheim i kveld med ein låt av vokalisten og snertingdølen Arnstein Tungvåg. Dermed var ein ny dansesesong opna i regi av entusiastane Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland.

Det kom rundt rekna 25 og det var paret godt fornøgde med. Dei mest langveggsfarande var faktisk eit par frå Odda medan dei andre var frå det meste av Kvinnherad med Husnes-folk som den største gruppa. Ellers var Omvikdalen, Rosendal, Herøysund og Uskedalen representert.

Det vart ein triveleg kveld også sosialt sett. Vertane var ikkje snauare enn at dei spanderte melkekaker i pausa og dei baud også på ein lettare form for instruksjon. I alle fall stod Husnesparet Kåre og Inger Hellevik til disposisjon med råd og dåd hvis nokon kjende seg usikre. Men i kveld kunne alle danse og det vart ikkje trong for nokon læreprosess.

Men kanskje treng nokon ein viss instruksjon om to veker då det er ny dansekveld?

Den er same stad og til same tid!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen